

Forskrift om regionale miljøtilskot i jordbruket, Vestland

Tittel: «Forskrift om regionale miljøtilskot i jordbruket, Vestland»

Heimel: «LOV-1995-05-12-23-§3, LOV-1995-05-12-23-§18, delegering 23.11.2018 av myndigheit til Fylkesmannen etter jordlova § 18 gjeve av Landbruks- og matdepartementet»

Kapittel 1 Innleiande føresegner

§ 1 Føremål

Føremålet med tilskot etter forskrifta er å bidra til å ta vare på jordbruket sitt kulturlandskap, biologisk mangfald, kulturmiljø og -minne, tilgjenge i jordbrukslandskapet, samt redusere bruk av plantevernmiddel, utslepp til luft og avrenning til vatn frå jordbruket.

§ 2 Verkeområde

Forskrifta gjeld i Vestland fylke.

§ 3 Grunnvilkår

Tilskot etter denne forskrifta kan gjevast til:

- a) føretak som har gjennomført tiltak på areal dei disponerer i søknadsåret. Føretaket må drive vanleg jordbruksproduksjon på ein eller fleire landbrukseigedomar, og må vere registrert i Einingsregisteret.
- b) beitelag kan søkje tilskot for drift etter § 5 Drift av beitelag. I denne forskrifta er beitelag avgrensa til å gjelde samanslutningar som er registrerte som samvirkeføretak eller foreining i Einingsregisteret, og som har til hovudføremål å samarbeide om føremålstenlege fellesløysingar innan beitebruk og god utnytting av utmarksbeite.

Kapittel 2 Kulturlandskap

§ 4 Drift av bratt areal

Det kan gjevast tilskot for drift av jordbruksareal med hellingsgrad på 1:5 eller brattare for å ta vare på kulturlandskapet.

Tilskotet kan gjevast for fulldyrka og overflatedyrka grasareal i drift, samt for areal med fruktdyrking i drift med næringsføremål. Fulldyrka og overflatedyrka grasareal skal haustast ved slått til dyrefôr minst ein gong i vekstsesongen. Areal med fruktdyrking skal vere

i aktiv drift med naudsynt skjøtsel av frukttrea, slått av undervegetasjonen minst ein gong i vekstsesongen, hausting og omsetting av frukta.

Tilskotet blir fastsett per dekar.

Tiltaksklassar: overflatedyrka og fulldyrka 1:5, overflatedyrka og fulldyrka 1:3, fruktdyrking 1:5 og fruktdyrking 1:3

§ 5 Drift av beitelag

Det kan gjevast tilskot for drift av beitelag som oppfyller vilkåra i § 3b.

For at tilskot skal kunne tildelast må beitelaget ha minst 2 medlemmar, dyra må ha vore minst 5 veker på utmarksbeite, beitelaget må ha organisert tilsyn og sanking tilpassa lokale tilhøve, og beitelaget må ha levert inn årsrapport som vedlegg til søknaden. Årsrapporten skal innehalde 1) Dato for årsmøte, 2) Tapstal, 3) Førebels rekneskap og 4) Kort årsmelding som syner aktivitet i beitelaget og målretta bruk av midlar for beitebruken i søknadsåret, samt eventuelle utfordringar for beitelaget og beitebruken.

Tilskotet blir fastsett per dyr som er sleppt på utmarksbeite.

Tiltaksklassar: storfe/hest og småfe

§ 6 Slått av verdifulle jordbrukslandskap

Det kan gjevast tilskot for slått av fulldyrka og overflatedyrka areal utan vegforbinding eller tilkomst med bilferje for å oppretthalde verdifulle jordbrukslandskap.

Arealet skal haustast ved slått til dyrefôr minst ein gong i vekstsesongen.

Tilskotet blir fastsett per dekar. Tilskotsavgrensing: Det kan gjevast tilskot for minimum 5 dekar og maksimum 30 dekar per føretak.

Kapittel 3 Biologisk mangfald

§ 7 Slått av slåttemark

Det kan gjevast tilskot for slått av slåttemark som er gjennomført slik at naturtypen blir teke vare på eller forbetra.

Arealet det blir gitt tilskot for skal ikkje vere gjødsla, jordarbeida eller sprøyta med plantevernmiddel. Areal skal vere registrerte i miljødatabasen Naturbase som slåttemark og lauveng med verdi A (svært viktig), B (viktig) eller C (lokalt viktig).

Tilskotet blir fastsett per dekar. Dersom lokaliteten er mindre enn 1 daa, kan det søkast om 1 daa. Tilskotsavgrensing: Det kan gjevast tilskot for maksimum 40 dekar per føretak.

Tiltaksklassar: svært viktig, viktig, lokalt viktig

§ 8 Beiting av kystlynghei

Det kan gjevast tilskot for beiting av kystlynghei som er gjennomført slik at naturtypen blir teke vare på eller forbetra.

Arealet det blir gitt tilskot for skal ikkje vere gjødsla, jordarbeidd eller sprøyta med plantevernmiddel. Kystlyngheia skal vere registrert i miljødatabasen Naturbase med verdi A (svært viktig), B (viktig) eller C (lokalt viktig). Det er krav om minst 3 månader vinterbeiting med tilstrekkeleg beitetrykk.

Tilskotet blir fastsett per dekar. Tilskotsavgrensing: Det kan gjevast tilskot for maksimum 500 dekar per føretak.

Tiltaksklassar: svært viktig, viktig, lokalt viktig

§ 9 Brenning av kystlynghei

Det kan gjevast tilskot for brenning av kystlynghei som er gjennomført slik at naturtypen blir teke vare på eller forbetra.

Tilskotet kan berre gjevast som eit tillegg til tilskot etter § 8 Beiting av kystlynghei. Brenninga skal utførast i tidsrommet mellom 15.september og 15.april og etter avklaring med lokalt brannvesen. Brenninga skal vere godt planlagt og den skal gjennomførast på ein forsvarleg måte. Tilskotet kan berre gjevast for areal som er brent etter søknadsfristen i føregåande søknadsomgang, og det kan ikkje gjevast tilskot for brenning av same areal oftare enn kvart 10. år.

Tilskotet blir fastsett per dekar. Tilskotsavgrensing: Det kan gjevast tilskot for maksimum 500 dekar per føretak.

§ 10 Skjøtsel av truga naturtypar

Det kan gjevast tilskot for beiting av naturbeitemark og hagemark i jordbrukslandskapet som er gjennomført slik at det biologiske mangfaldet i naturtypen blir teke vare på eller forbetra.

Arealet det blir gitt tilskot for skal ikkje vera gjødsla, jordarbeidd eller sprøyta med plantevernmiddel. Arealet skal vere registrert i miljødatabasen Naturbase med verdi A (svært viktig), verdi B (viktig) eller C (lokalt viktig). Arealet skal beitast med høveleg beitetrykk.

Tilskotet blir fastsett per dekar. Tilskotsavgrensing: Det kan gjevast tilskot for maksimum 70 dekar per føretak.

Tiltaksklasse: Beiting

§ 11 Skjøtsel av styvingstre

Det kan gjevast tilskot for styving av tre som er gjennomført på ein skånsam måte slik at trea sitt særpreg og biologiske mangfald blir teke vare på.

Tilskotet blir fastsett per tre. Tilskotet kan berre gjevast det året treet vert styva. Tilskotsavgrensing: Det kan gjevast tilskot for maksimum 70 tre per føretak.

§ 12 Tilrettelegging av hekke- og beiteområde for fugl

Det kan gjevast tilskot for å leggje til rette for hekking av dei truga fugleartene vipe, åkerrikse og storspove på eller i tilknytning til jordbruksareal.

Tiltaket gjeld for tilrettelegging på fulldyrka og overflatedyrka areal. Arealet det blir gitt tilskot for må vere dokumentert av Fylkesmannen til å ha verdi for hekkinga, og skjøtsel på arealet skal vere i samråd med Fylkesmannen.

Tilskotet blir fastsett per dekar.

Tiltaksklasser:

- låg tilrettelegging for lokalitetar med vipe
- høg tilrettelegging for lokalitetar med storspove og åkerrikse

Kapittel 4 Kulturminne og kulturmiljø

§ 13 Drift av støl

Det kan gjevast tilskot for drift av stølsanlegg med mjølkeproduksjon.

Produksjonsperioden skal vere minst seks veker per sesong. Mjølka som blir produsert, skal leverast til meieri eller foredlast på stølen. Produksjonen skal vere minimum 45 liter kumjolk eller 25 liter geitemjolk i døgnet per støl.

Tilskotet blir fastsett per støl, og tilskotet blir fordelt på tal føretak som oppfyller kravet til mjølkeproduksjon på stølen.

Tiltaksklassar: eigen foredling og levering til meieri

§ 14 Skjøtsel av automatisk freda kulturminne

Det kan gjevast tilskot for skjøtsel av automatisk freda kulturminne etter lov av 6. juni 1978 nr. 50 lov om kulturminner § 4, som grensar til jordbruksareal. Skjøtselen skal vere gjennomført slik at kulturminnet er synleg i jordbrukslandskapet.

Kulturminnet skal vere registrert i kulturminnebasen Askeladden. Tilskotet gjeld for skjøtsel av areal rundt synlege kulturminne, slik som gravfelt, bergkunst/helleristningar, åkerreiner, røysfelt, buplassar, tufter, vegfår og bygningar. Det kan ikkje løyvast tilskot til lokalitetar som er avmerkte i Askeladden som dyrkingslag og kulturlag, lokalitetar avmerkte som uavklara funnstader, lausfunn og liknande, der skjøtsel ikkje vil medverke til at kulturminnet vert meir synleg i jordbrukslandskapet.

Tilskotet blir fastsett per dekar. Dersom lokaliteten er mindre enn 1 daa, kan det søkast om 1 daa. Tilskotsavgrensing: Det kan gjevast tilskot for maksimum kr 5000 per føretak.

Tiltaksklassar: beiting og slått

Kapittel 5 Avrenning til vatn

§ 15 Kantsone i eng

Det kan gjevast tilskot for å ha ei kantsone i eng langs kanten mot vassdrag som ikkje er gjødsla eller sprøyta i søknadsåret.

Sona det blir gitt tilskot for, skal ha ei breidde på minimum fire meter målt frå normalvasstanden til vassdraget, der minst to meter ligg på fulldyrka eller overflatedyrka areal. Kantsona skal haustast ved slått eller beiting i søknadsåret. Ved fornying skal jordarbeiding og såing skje mellom 1. mars og 1. juli.

Tiltaket gjeld for fulldyrka og overflatedyrka areal i område fastsett og kartfesta av Fylkesmannen i nedbørsfeltet til utvalde vassdrag/vassførekomstar.

Tilskotet blir fastsett per meter. Tilskotsavgrensing: Det kan gjevast tilskot for maksimum 1000 meter per føretak.

Kapittel 6 Utslepp til luft

§ 16 Spreiing av husdyrgjødsel om våren og eller i vekstsesongen

Det kan gjevast tilskot for spreiiing av husdyrgjødsel og biorest om våren eller i vekstsesongen på areal som er kartfesta og fastsett av Fylkesmannen.

Siste frist for spreiiing er 10. august i søknadsåret. Arealet skal haustast ved slått eller beiting etter spreiiing i søknadsåret. Det skal minimum spreiiast 5 kg total-Nitrogen i husdyrgjødsel per dekar. Tilskotet kan berre gjevast dersom all husdyrgjødsel som føretaket disponerer blir spreidd om våren eller i vekstsesongen innan fristen, og tilskotet gjeld alt godkjend spreieareal. Føretaket skal ha gjødslingsplan og skiftenoteringar som syner spreiedato og gjødselmengde spreidd per dekar.

Tiltaket gjeld godkjent spreieareal som er fastsett og kartfesta av Fylkesmannen i nedbørsfeltet til utvalde vassdrag/vassførekomstar.

Tilskotet blir fastsett per dekar. Tilskotsavgrensing: Det kan gjevast tilskot for minimum 80 og maksimum 250 dekar per føretak. Føretak som kjem inn under tiltaket kan gjevast tilskot for mellom 1 og 250 dekar. Føretak som mottok dette tilskotet kan ikkje i same søknadsomgang gjevast tilskot etter § 17 Nedfelling eller nedlegging av husdyrgjødsel eller etter § 18 Spreiing av husdyrgjødsel med tilførselslange.

§ 17 Nedfelling eller nedlegging av husdyrgjødsel

Det kan gjevast tilskot for spreiiing av husdyrgjødsel og biorest ved nedfelling eller nedlegging.

Det skal spreiiast minimum 5 kg total-Nitrogen i husdyrgjødsel per dekar. Siste frist for spreiiing er 10. august i søknadsåret. Arealet skal haustast ved slått eller beiting etter den siste spreiiinga i søknadsåret. Husdyrgjødsel og biorest som er spreidd ved nedlegging i open åker, må moldast ned innan to timar. Føretaket skal ha gjødslingsplan og skiftenoteringar som viser spreiedato og gjødselmengde spreidd per dekar.

Tilskotet blir fastsett per dekar. Tilskotsavgrensing: Det kan gjevast tilskot for maksimum 100 dekar per føretak. Føretak som mottok dette tilskotet kan ikkje i same søknadsomgang gjevast tilskot etter § 16 Spreiing av husdyrgjødsel om våren eller i vekstsesongen.

§ 18 Spreiing av husdyrgjødsel med tilførselslange

Det kan gjevast tilskot for spreiiing av husdyrgjødsel og biorest med tilførselslange, som eit tillegg til tilskot etter § 17 Nedfelling eller nedlegging av husdyrgjødsel.

Føretaket må kunne dokumentere bruk av tilførselsslange.

Tilskotet blir fastsett per dekar. Tilskotsavgrensing: Det kan gjevast tilskot for maksimum 100 dekar per føretak. Føretak som mottok dette tilskotet kan ikkje i same søknadsomgang gjevast tilskot etter § 16 Spreiing av husdyrgjødsel om våren eller i vekstsesongen.

Kapittel 7 Generelle føresegner

§ 19 Utmåling og utbetaling av tilskot

Tilskotet blir rekna ut etter satsar fastsett årleg av Fylkesmannen i regionalt miljøprogram. Tilskot skal berre gjevast for det året tiltaket blir gjennomført.

Fylkesmannen kan setje eit maksbeløp for tilskot eit føretak kan få innvilga per tiltak eller gruppe av tiltak innan tema kulturelandskap, biologisk mangfald, kulturminne- og miljø, friluftsliv, avrenning til vatn, utslepp til luft eller plantevern. Avgrensinga skal fastsetjast i regionalt miljøprogram.

§ 20 Søknad

Føretak som søker tilskot skal nytte søknadsskjema fastsett av Landbruksdirektoratet. Søknadsfristen er 15.oktober. For beitelag som søker tilskot etter §5 Drift av beitelag er fristen 15. november.

Dersom søknaden blir levert etter fristane i første ledd, blir tilskot redusert med 1 000 kroner per virkedag inntil 20 virkedagar etter fristen er utgått. Tilskotet kan ikkje overførast til eige eller pant.

§ 21 Administrasjon, dispensasjon og klage

Fylkesmannen administrerer tilskota etter denne forskrifta.

Kommunen gjer vedtak om tilskot. Fylkesmannen kan i særlege tilfelle dispensere frå føresegnene om tilskot fastsett i denne forskrifta.

Kommunen sitt vedtak kan klagast på til Fylkesmannen. Vedtak fatta av Fylkesmannen i første instans kan klagast på til Landbruksdirektoratet.

§ 22 Opplysningsplikt og kontroll

Den som søker tilskot pliktar å gje alle opplysingar som kommunen, Fylkesmannen og Landbruksdirektoratet finn naudsynt for å kunne forvalte ordninga.

Kommunen, Fylkesmannen og Landbruksdirektoratet kontrollerer at utbetalinga av tilskot er rett. Søkarer har plikt til å utlevere all bokføring, korrespondanse og

dokumentasjon som gjeld tilskotet. Opplysingar gitt i samband med søknaden om tilskot kan også bli kontrollerte ved teljing og måling på dei eigedomane som føretaket nyttar i drifta.

§ 23 Avkorting av tilskot

Dersom føretaket aktlaust eller med forsett har

- a) drive eller driv verksemda i strid med anna regelverk for jordbruksverksemd, eller
- b) gitt feil opplysingar i søknaden slik at søkaren eller andre urettvist har fått utbetalt eller kunne fått utbetalt tilskot, kan heile eller delar av det samla tilskotet til føretaket bli avkorta.

Tilskotet kan også bli avkorta dersom føretaket

- a) ikkje har halde dei fristane som kommunen, Fylkesmannen eller Landbruksdirektoratet har sett for å kunne utføre sine kontrolloppgåver i medhald av § 22 opplysningsplikt og kontroll,
- b) har brote føresegner i forskrift 1. juli 1999 nr. 791 om gjødslingsplanlegging, eller
- c) ikkje har ført journal over plantevernmiddel som føretaket har nytta seg av på areala det blir søkt tilskot for. Journalen skal innehalde opplysingar om namn på plantevernmiddelet som blei brukt, tidspunkt for behandlinga og dosa som er brukt, samt området og veksten som plantevernmiddelet blei brukt på. Tilskotet kan også bli avkorta dersom føretaket ikkje kan leggje fram slike journalar for dei siste tre åra.

§ 24 Tilbakebetaling og renter mv.

Dersom føretaket som følgje av manglande oppfylging av vilkår i denne forskrifta eller av andre grunnar har teke imot ei utbetaling som ikkje er rettkome, kan det feilutbetalte beløpet krevjast tilbakebetalt frå mottakaren eller motreknast i seinare utbetaling av tilskot. Tilsvarande gjeld differansen mellom utbetalt beløp og redusert tilskot som følgje av vedtak om avkorting etter § 23 Avkorting av tilskot.

For tilbakebetalingskrav kan det krevjast renter når kravet ikkje er innfridd ved forfall. Ved grov aktløyse eller forsett kan renter krevjast frå tidspunktet for utbetalinga av det urettkomne tilskotet. Størrelsen på renta følgjer rentesatsen fastsett med heimel i lov 17. desember 1976 nr. 100 om renter ved forsinka betaling m.m.

Krav frå offentleg myndigheit som kjem ut av føretaket si jordbruksverksemd kan motreknast i seinare utbetalingar av tilskot til føretaket.

§ 25 Ikraftsetjing

Forskrifta trer i kraft [dato fastsett av Fylkesmannen]. Samstundes blir FOR-2018-06-29-1070: Forskrift om tilskot til regionale miljøtiltak i jordbruket, Sogn og Fjordane og FOR-2018-07-09-1160: Forskrift om tilskot til regionale miljøtiltak, Hordaland oppeva.